
Saksnr: 2021/1168-1
Saksbehandlar: Lasse Maidstone

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for næring | | 17.02.2021 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 17.02.2021 |
| Fylkesutvalet | | 02.03.2021 |
| Fylkestinget | | 09.03.2021 |

Søknad om tilskot til vitensenter

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkesutvalet gir avslag på søknader om eingongssummar til både Vitensenteret ViteMeir og VilVite. Fylkesutvalet stiller seg positive til søknadene, men manglar investeringsmidlar til formålet i Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2021.

Samandrag

Med opninga av ViteMeir til hausten 2021 vil fylket ha to regionale vitensenter, VilVite i Bergen og ViteMeir i Sogndal. Fylkeskommunen er medeigar i begge. Fylkeskommunen bidrar i dag med kr 3 mill. årleg i driftsstøtte til VilVite. Vidare har fylkeskommunen bruksavtale med årleg kostnad kr 500 000 med kvart av sentera.

Begge vitensentera har søkt fylkeskommunen om støtte. ViteMeir søker om årleg driftsstøtte tilsvarande fylkeskommunen sin støtte til VilVite og i tillegg mellom kr 3 og 8 mill. til eingongsinvesteringar i innhald. VilVite søker fylkeskommunen om samla kr 6 mill. til tre ulike prosjekter for å fornye romløyisingar og utstillingar.

Søknaden frå VilVite har enno ikkje blitt handsama. Søknaden frå ViteMeir vart utsett etter vedtak i Hovudutvalet for næring 25.11.2020. I vedtaket vert administrasjonen bedt om å arbeide fram ulike løysingar for finansiering av ViteMeir. Særleg vert administrasjonen bedt om å utvikle felles prinsipp for driftsstøtte til dei to vitensentera. Begge søknader handsamast difor i denne saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad frå ViIVite
- 2 Søknad frå ViteMeir
- 3 Oppdatert status frå ViteMeir

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Norges 12 regionale vitensenter er viktige aktørar innanfor realfagsutdanninga. Sentera er populærvitenskaplege opplevings- og læringscenter som skal skape interesse for matematikk, naturvitenskap og teknologi gjennom eksperimentar og interaktiv formidling, og dermed hjelpe å utvikle kunnskap som samfunnet og næringslivet trenger i framtida. Målgruppa er særleg barnehagar og skoler men òg allmenta med familiar og andre som ynskjer å besøke eit vitensenter for oppleving i fritida. Med opninga av ViteMeir til hausten 2021 vil fylket ha to regionale vitensenter, ViilVite - Bergen Vitensenter AS - i Bergen og ViteMeir - Vitensenteret i Sogn og Fjordane - i Sogndal.

Fylkeskommunen er medeigar i begge sentera. Fylkeskommunen er byggherre og utleiger av lokalar til ViteMeir og er i tillegg den største medeigar i selskapet «Vitensenteret i Sogn og Fjordane» med 1/3 av aksjane. Dei andre eigarane er seks kommunar, privat næringsliv, Høgskulen på Vestlandet (HVL), NITO og Vestlandsforskning.¹ Fylkeskommunen er den andre største eiger i ViilVite med 19 %. Dei andre eigarane er Bergen Kommune, Universitet i Bergen (UiB), HVL og privat næringsliv.²

Tidlegare Hordaland fylkeskommune har hatt avtalar med ViilVite om driftstilskott sidan opninga i 2007. I perioden 2019-2021 har støttebeløpet vært kr 3,5 mill. årleg, bestående av kr 3 mill. i driftsstøtte og kr 500 000 i bruksavtale. Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune har teikna ein 3-årig rammeavtale (2021-2023) med ViteMeir som omfattar ein bruksavtale på kr 500 000 årleg.

Hovudutvalet for næring behandla ein søknad om auka økonomisk støtte til ViteMeir 25.11.2020 (PS 79/2020). Hovudutvalet bestemte å utsette saka, og bad samtidig administrasjonen undersøke finansieringsmoglegheiter, og arbeide fram felles prinsipp for driftsstøtte til dei to vitensentera. I mellomtida har fylkeskommunen mottatt søknad frå ViilVite om auka økonomisk støtte til investeringar i nye romløyningar og infrastruktur.

Noverande avtaler

Det årlege tilskotet på kr 3,5 mill. til ViilVite har dels vore finansiert gjennom partnerskapsordninga og dels gjennom midlar til eigarskapsforpliktingar. Løyvinga er no vidareført som eigen post i budsjettet for Avdeling for innovasjon og næringsutvikling (under bindande føresetningar). Løyvinga består av kr 3 000 000 i driftsstøtte og kr 500 000 i ein bruksavtale. I bruksavtalen skal ViilVite tilby inngangsbilletter til elevar i fylket sine vidaregåande skuler.

Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune har teikna ein 3-årig rammeavtale med ViteMeir for perioden 2021-2023. Avtalen omfattar bruksavtale på kr 500 000 og 38 dagars årleg bruk av senteret for fylket sine skuleklasser og medfølgjande personale.

Bruksavtala med ViteMeir vert dekkja frå Avdeling for opplæring og kompetanse sitt budsjett, mens alle tilskot til ViilVite i Bergen vert dekkja frå Avdeling for innovasjon og næring sitt budsjett.

Søknad om tilskot

Begge vitensentera har søkt fylkeskommunen om auka støtte. ViilVite søker om eit eingongsbeløp på samla kr 6 mill. til tre ulike prosjekter for å fornye romløyningar og utstillingar. ViteMeir søker om både eit eingongsbeløp til innhaldsutvikling på opptil kr 8 mill. og årleg driftsstøtte.

ViilVite

I desember 2019 vedtok styret i ViilVite ein ny strategi med nye tematiske satsingar og forbedra digital formidling. I samsvar med dette skal alle vitensenteret sine tilbod og utstillingar reviderast. Dessutan krevjast nye romløyningar for å handtere den store og auka mengde besøkande som i dag er over 120 000 årleg.

¹ **VLFK (33,3 %)**, Sogndal Kommune (18,3 %), Kaupanger Næringsforening (9,8 %), Stiftinga Vestlandsforskning (7,5 %), Sogn Næring AS (6,5 %), Luster Kommune (5,6 %), Vik Kommune (3,9 %), Lærdal Kommune (3,6 %), Nito (Norges Ingeniør- og Teknologiorisasjon (3,3 %), Høgskulen på Vestlandet (3,3 %), Kinn Kommune (3,3 %) og Sunnfjord Kommune (1,6 %).

² Bergen Kommune (29,56 %), **VLFK (19 %)**, Universitet i Bergen (19 %), Høgskulen på Vestlandet (19 %), Bergen Børsfond (8,45 %), Jacobs Douwe Egberts Norge AS (4,22 %) og Bergen Næringsråd (0,76 %).

Innhaldet i utstillingane blir i all hovudsak finansiert med midlar frå privat næringsliv. I 2020 har VilVite for eksempel mottatt kr 19,2 mill. frå private samarbeidspartnarar øyremerkt innhaldsprosjekt. Det har vist seg vanskelegare å skaffe private midlar til fornying av infrastruktur og romløyisingar.

VilVite inviterer difor fylkeskommunen til eit spleiselag, saman med dei andre eigarar og VilVite sjølv, for å realisere følgande:

| Delprosjekt | Totalkostnad | Søknad |
|--|-------------------|------------------|
| i. Utvida areal og ny romløyising for formidlingromma | 11 000 000 | 2 000 000 |
| ii. Lage ei romløyising til den kommande berekraftsutstillinga | 16 241 000 | 2 000 000 |
| iii. Bygge ein mesanin i utstillinga for å huse «Techloftet» | 4 276 000 | 2 000 000 |
| SUM | 31 517 000 | 6 000 000 |

Søknadsbeløpa er berekna med utgangspunkt i fylkeskommunen sin eigardel på 19 %.

ViteMeir

ViteMeir sendte 15. oktober 2020 ein todelt søknad om høvesvis støtte til installasjonar og eit årleg driftstilskot. Det er i søknaden ikkje spesifisert eit bestemt søknadsbeløp, men derimot skildra det resterande finansieringsbehovet. I eit møte mellom administrasjonen og ViteMeir 14.01.2021 er kostnadsgrunnlaget i søknaden oppdatert.

I søknaden var det ein føresetnad at senteret ikkje hadde fått løyving i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2021. Dette på tross av ein tilråding frå Forskningsrådet om eit årleg statleg driftstilskot på kr 6,9 mill. I budsjettforliket for statsbudsjettet 2021 blei likevel kr 3,45 mill. flyttet for å gje rom for at ViteMeir kunne få tilskot som vitensenter i 2021.

i) Ein eingongssum til innhaldsutvikling som skal gå til å ferdigstille installasjonane

Romprogrammet er definert, og det er laga ein masterplan for utstillingane/-installasjonane. Høgskulen på Vestlandet har medverka tungt i den pedagogiske utviklinga. Her er det eit uløyst finansieringsbehov som korkje vert dekkja av byggeprosjektet eller over drifta.

Kostnadsestimatet til utstillingsarkitektane for ei komplett løyising er over kr 21 mill. Minimumsbehovet blir oppgitt å vere kr 16-18 mill. Så langt er det samla inn kr 12,8 mill. i eingongstilskot og gåver frå ulike kjelder som sparebankstiftingar og liknande. Dei opplyser at ein manglar som minimum kr 3-5 mill. for å ha senteret rusta til opninga, og opptil kr 8 mill. for å ha eit vitensenter i internasjonal klasse.

ii) Eit årleg driftstilskot

Budsjetterte årlege driftskostnader er kr 15,9 mill. I høve til Noregs Forskningsråd sine retningslinjer er samla statleg stønaden avgrensa til 35 % av driftskostnadene. I retningslinjene til programmet er det vidare krav om at minimum 20 % av driftskostnadene skal dekkast av skuleeigarane (kommune/fylkeskommune).

Det er så langt teikna 3-årige rammeavtalar med kommunane på kr 1.790.000 og ein bruksavtale med tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune på kr 500 000. ViteMeir manglar difor om lag kr 1 mill. for å oppfylle kriteriet om 20% dekning frå skuleeigarane, og - avhengig av framtidige løyvingar over statsbudsjettet - et større beløp for å dekkje heile driftsbudsjettet.

Moglege modellar for støtte

Hovudutvalet har i tidlegare sak (PS 79/2020) bedt administrasjonen arbeide fram ulike løyisingar for å kome ViteMeir i møte med finansieringsbehovet. Utvalet synte i den samanhengen til tre element i søknaden som bør handsamast ulikt: driftsstøtte, investeringar i utstillingar og husleigekostnader.

Driftsstøtte

Hovudutvalet bad administrasjonen utarbeide felles prinsipp for driftsstøtte til dei to vitensentera. Det er presisert i vedtaket at støttebeløpa ikkje treng å vere like, men at prinsippa for utmåling av støttebeløp bør vere i samsvar.

Da ViteMeir enno ikkje har vore i drift er det ikkje mogleg å utvikle ein objektiv modell for tildeling basert på statistiske indikatorar for verdiskaping, til dømes besøkstal, aktivitetar eller samarbeid med fylkets skular.

Ein enkel modell er å basere driftsstøtta på vitensentera sine relative økonomiske storleikar (driftskostnader/budsjetterte driftskostnader). Vi i Vite vil være omlag tre gonger større enn ViteMeir. Eit samanlikneleg støttebeløp for ViteMeir kan difor vere om lag kr 1 mill.³ Eit beløp i denne størrelsen vil både løyse kravet frå Noregs Forskningsråd om minimum 20 % finansiering frå skuleeigarane, og imøtekome ein del av utfordringa med den lågare enn forventa driftsstøtta over statsbudsjettet.

Det er ikkje avsett midlar til føremålet i budsjett i 2021. Finansiering av driftsstøtte til ViteMeir krev difor omdisponering av midlane i inneverande budsjett. Her er løyvingsnivåa «Utviklingsmidlar» den einaste større posten som er disponibel for omprioritering av størrelsen kr 1 mill. For 2022 kan det være mogleg å finansiere driftsstøtta gjennom innsparingar i andre poster.

Investeringar i utstillingar

Hovudutvalet bad i sak PS 79/2020 administrasjonen kome tilbake til investeringane i samband med tilskotsordningar for 2021.

Det er ikkje avsett midlar til investeringsformål i nokon av tilskotsordningane på Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt driftsbudsjett i 2021.

Eigedomssesksjonen opplyser at det heller ikkje på dette området finst investeringsmidlar avsett i budsjettet til å auke fylkeskommunen si investering i bygget eller inventar.

Husleigekostnader

Hovudutvalet bad administrasjonen undersøke moglegheiter for å kome ViteMeir i møte på husleigekostnader for 2021 dersom senteret ikkje får støtte over statsbudsjettet. I budsjettforliket for statsbudsjettet 2021 blei ViteMeir løyvd kr 3,45 mill. og administrasjonen har difor ikkje arbeid fram løysingsmodellar for husleigekostnader.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gjer vedtak i budsjettsaker jf. delegasjonsreglementet.

Hovudutvalet for næring gjer vedtak om eventuelle budsjettendringar innanfor ramma til Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vestland fylkeskommune foreslår å innvilge kr 1 million i årleg driftsstøtte til Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar på Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.

Klima: Berekraft og grøn omstilling er gjennomgåande tema i utstillingane.

Folkehelse: Aktivitetane kan bidra til auka interesse for skulefaga og dermed betre utbytte av undervisninga. Utdanning er eit viktig mål i folkehelsearbeidet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Relevant for målet om like moglegheiter til deltaking i verdiskapinga.

Konklusjon

³ Driftskostnader for Vi i Vite var i 2019 kr 47 mill., og VLFK støtter med kr 3 mill. årleg. ViteMeir har eit driftsbudsjett på kr 15,9 mill.

$$\frac{\text{driftskostnader}_{VM}}{\text{driftskostnader}_{VV}} \times \text{driftsstøtte}_{VV} = \text{driftsstøtte}_{VM} \quad (1)$$

$$\frac{15\,900\,000}{47\,000\,000} \times 3\,000\,000 = 1\,014\,894 \quad (2)$$

Fylkesrådmannen ser på etableringa av ViteMeir og utviklinga av ViLVite som svært positive for målgruppa og for næringslivet i regionen.

Prinsipielt bør fylkeskommunen forplikte seg til ei einsarta tildeling av driftsstøtte til dei to vitensentera, jf. målsettinga om ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen. Årleg driftsstøtte til ViteMeir på omlag kr 1 mill. vil vere relativ samanliknbar med den nåverande avtalen mellom fylkeskommunen og ViLVite.

Fylkeskommunen har ikkje avsett midlar i budsjett for 2021 til finansiering av eingongsinvesteringar for ViLVite eller ViteMeir.